

RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGERDato: 27.02.2019  
Vår ref.: 2015/3338-8  
Saksbehandlar: annjuv  
Dykkar ref.:

## Elektronisk/digital signering av lære- og opplæringskontraktar

Hordaland fylkeskommune har begynt å ta i bruk elektronisk/digital signering av lære- og opplæringskontraktar.

### Framdrift:

Det er svært viktig at bedrifta går gjennom all kontaktinformasjon i Vigo Bedrift for å rette opp ev. feil og/eller legge til det som ev. manglar.

Dette må vere på plass innan ordninga kan takast i bruk fullt ut.

- **Fagleg leiar** må være registrert med riktig **e-postadresse**, som dei har tilgang til og les dagleg. Faglege leiarar får signeringsoppdraget tilsendt på e-post.
- **Ansvarleg/dagleg leiar** må registrerast med riktig **e-postadresse**, som dei har tilgang til og les dagleg. Dette må no leggjast inn i alle kontraktar som skal opprettast. Ansvarleg leiar får signeringsoppdraget tilsendt på e-post.
- **Lærling/lærekandidat** må få beskjed om at riktig **mobilnummer** må registrerast i feltet for mobilnummer. Vert dette fylt ut i feltet for telefon, vil oppdraget feile. Lærling/lærekandidat får signeringsoppdraget tilsendt på SMS.
- All annan nødvendig informasjon må være på plass i kontrakten før denne vert sendt til signering, inkludert **datoen for inngått arbeidsavtale**.

### Dersom obligatoriske opplysningar manglar eller er feil, vil ein av to ting skje:

- Signeringsoppdraget vil ikkje kunne settast i gong før opplysningane har kome på plass.
- Dersom kontaktinformasjonen er feil, vil ikkje signeringsoppdraget nå fram til rett signatar. Eit signeringsoppdrag vil feile når ikkje alle partane signerer innan fristen som er 14 dagar frå signeringsoppdraget vert starta, dersom ikkje noko anna er avtalt. Signeringsoppdraget må då setjast i gang på nytt, og då vil alle som har signert, måtte signere på nytt.

Det er altså svært viktig at dei opplysningane som er nemnde ovanfor blir registrerte, og at dei er korrekte, for å unngå at prosedyren stoppar opp og må gjerast på nytt.

Dersom bedrifta veit at det vil være behov for ein lenger frist enn 14 dagar, er det viktig at vi får beskjed om det før signeringsoppdraget startar.

### **Godkjenning av kontraktane**

Fylkessignatar (den som signerer på vegne av fylket) får signeringsoppdraget etter at dei andre signatarane (ansvarlig leiar, fagleg leiar og lærling/lærekandidat) har signert. Kontraktane vert godkjent i Vigo når fylkessignatar har signert.

Signerte og godkjente kontraktar blir lagra automatisk i lærlingen/lærekandidaten si utdanningsmappe i arkivet.

Bedrifta finn sin del av godkjent kontrakt som PDF-fil i Vigo Bedrift.

Lærling/lærekandidat vil få tilsendt informasjon frå Hordaland fylkeskommune digitalt, og godkjent kontrakt finn dei som PDF-fil ved å logge seg inn på [www.vigo.no](http://www.vigo.no).

### **Brukarretteiing**

Sjå vedlegg.

Anne Sara Svendsen  
leiar

Ann-Magritt Juvik  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Brukarretteiing